



Fjord
kommune

Invitasjon til frivilligverkstad – med opningsforedrag av Are Kalvø

på Martin Linge-huset tysdag 3. mars kl. 18.00



Kjære alle frivillige lag og organisasjonar,

vi vil gjerne invitere dykk til ein inspirasjonskveld der vi både får trimma lattermusklane – og deretter arbeide saman om noko viktig.

Vi startar kvelden med eit foredrag av **Are Kalvø**, som er eit tilbod gjennom biblioteket og Litteraturhus Møre og Romsdal (ope for alle). Rett etter foredraget går inn på eige rom for litt kaffimat og **arbeidsverkstad** der vi skal arbeide med innspel til den nye **frivilligstrategien** som er under arbeid.

Kvifor er dette viktig?

Frivillig sektor er ei av dei sterkaste kreftene i lokalsamfunnet vårt. Det er de som skaper møteplassar, aktivitet, fellesskap og beredskap – og det gjer de gjennom mange timar med engasjement og innsats.

For at strategien skal bli nyttig i praksis – ikkje berre fine ord i eit dokument – treng vi **dykkar stemmer, erfaringar og idear.**

Kvifor bør de prioritere å kome?

- De får høyre ein av landets mest folkekjære humoristar.
- De får direkte innverknad på korleis kommunen skal samarbeide med og støtte frivilligheita i åra som kjem.
- De gjer oss betre rusta til å skape eit inkluderande, aktivt og livskraftig lokalsamfunn.

Tett på det som betyr noko